



Arkivnr: 2014/14567-23

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet | | |
| Fylkestinget | | |

Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS - Revisjonsrapport

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 41/14 i møte 06.05.14:

1. *Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet på e-post innan 13.05.14*
3. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkl. den delen som gjeld stikkprøvar og ev. presentasjon i fylkestinget.*
4. *Kontrollutvalet ber sekretariatet invitere dei andre eigarkommunane til å delta i denne selskapskontrollen med svarfrist til 31.5.2014.*
5. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av november 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapet sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

Av revisjonsrapporten går det fram at føremålet med selskapskontrollen har vore:

«Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk.»

Følgjande problemstillingar har vorte undersøkte:

1. *Utøver Hordaland fylkeskommune kontroll med Fastlandssamband Halsnøy i samsvar med politiske vedtak og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?*

- a. *Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy i samsvar med sentrale tilrådingar frå KS?*
- b. *Utøver Hordaland fylkeskommune eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy i samsvar med fylkeskommunen si eigarskapsmelding og andre fylkeskommunale vedtak og føringar?*
- c. *Blir Hordaland fylkeskommune tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?*
2. *I kva grad blir krav og retningslinjer som Hordaland fylkeskommune stiller til Fastlandssamband Halsnøy AS gjennom vedtekter og eigarskapsmeldinga etterlevd av Fastlandssamband Halsnøy AS?*
3. *Er det ei tydeleg rolle- og ansvarsfordeling mellom eigar, styret og selskapet si daglege leiing?*
4. *I kva grad har styret i Fastlandssamband Halsnøy rutinar for å følgje opp avtalen med Via Futura AS om kjøp av administrasjonstenester?*
5. *I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp avtalen med Bro- og tunnelselskapet som driftsoperatør for sambandet?*
6. *I kva grad har selskapet rutinar for å følgje opp bompengavtalen og avtale om drift av innkveingssystem med Statens vegvesen?*
7. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre etterleving av sentrale krav innanfor regelverket knytt til:*
 - a. *Aksjelova*
 - b. *Offentlege innkjøp*
 - c. *Offentleggjering*
8. *Har selskapet system og rutinar som bidrar til å sikre ein økonomisk forsvarleg drift?*
 - a. *Har selskapet ein forsvarlig eigenkapital jf. aksjelova § 3-4?*
 - b. *I kva grad har selskapet etablert rutinar for økonomistyring?*
 - c. *Kva er eventuelle utfordringar knytt til selskapet sin økonomiske drift?*

Sekretariatet har sendt invitasjon til Stord og Kvinnherad kommune om å delta i dette prosjektet, men begge kommunane har takke nei til dette.

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig selskapskontrollen av Fastlandssamband Halsnøy AS og revisjonsrapport er levert og ligg ved. Deloitte har nytta dokumentanalyse, intervju, stikkprøvegjennomgang av innkjøp og verifisering og høyring som metodar i denne selskapskontrollen. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet sine bestillingar.

Høyringsuttale frå fylkesrådmannen ligg ved rapporten som vedlegg 1 og høyringsuttalen frå selskapet ligg ved rapporten som vedlegg 2.

Sekretariatet har merka seg at Deloitte m.a. konkluderer slik i samandraget:

«Selskapskontrollen viser etter revisjonen si vurdering at Hordaland fylkeskommune utøver eigarstyring av Fastlandssamband Halsnøy AS i samsvar med fylkeskommunen si eigarskapsmelding og andre fylkeskommunale vedtak og føringar.»

«Det er revisjonen si vurdering at Fastlandssamband Halsnøy AS utøver drifta i samsvar med gjeldande vedtekter.»

Det går også fram av rapporten at det er fleire område som kan betrast både i Hordaland fylkeskommune og i Fastlandssamband Halsnøy AS.

I pt. 6., Forslag til tiltak i rapporten, har sekretariatet merka seg at Deloitte har desse 7 forslaga til tiltak:

«Revisjonen tilrår at Hordaland fylkeskommune:

1. Sikrar at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
2. Vurderer å stille krav til selskapsstyra om å etablera styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
3. Utarbeider retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.

Revisjonen tilrår at Fastlandssamband Halsnøy AS:

4. Vurderer å innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - Utarbeide styreinstruks
 - Gjennomføre eigenevaluering for styret
 - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
 - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
 - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
 - Slutte seg til KS sitt styrevervregister
5. Gjennomgår selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikrar at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
6. Vurderer om ein skal legge arkivforskrifta til grunn for føring av selskapet sin postjournal.
7. Utarbeider skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.»

Konklusjon:

Rapporten munnar ut i framlegg om tiltak for å betre rutineane både i Hordaland fylkeskommune og i Fastlandssamband Halsnøy AS. Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslaga i rapporten.

Sekretariatet meiner vidare at kontrollutvalet bør tilrå at fylkestinget ber om at fylkesrådmannen og selskapet sørgjer for at det vert laga ein handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Forslag til innstilling

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, ber fylkestinget om at:

Fylkesrådmannen syter få å:

1. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
2. Stille krav til selskapsstyret om å etablera styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
3. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.

4. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Fastlandssamband Halsnøy AS syter for å:

5. Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
 - Utarbeide styreinstruks
 - Gjennomføre eigenevaluering for styret
 - Tilbod om opplæring for styrerepresentantar
 - Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver
 - Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid
 - Slutte seg til KS sitt styrevregister
6. Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikre at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.
7. Legge arkivforskrifta til grunn for føring av selskapet sin postjournal.
8. Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.
9. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Rapport selskapskontroll Fastlandssamband Halsnøy AS